



Kommunane i Rogaland

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Følgjeskriv - retningslinjer for støtte til taubane og skogsvegar 2018

Vedlagt er nye retningslinjer fastsette 12.01.2018 av Fylkesmannen med heimel i "*Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket*". Retningslinjene er gjort gjeldande gjeldande frå 1. februar 2018.

Merknader til høyringsrunden

Det har ikkje kome inn vesentlege merknader på forslag til reviderte retningslinjer for 2018 som blei sendt ut med frist for tilbakemelding 20. desember 2017.

Nytt frå 2018:

- Alle større skogkommunar må ha utarbeidd ein hovudplan for skogsvegar for tildeling av tilskot.

Elles vidareførast retningslinjene frå 2016 til 2018 utan vesentlege endringar med unntak av nokre presiseringar rundt kva kostnader som kan inngå i tilskotsgrunnlaget for vegbygging, og at alle saker om førehandsgodkjenning av taubanedrift skal vurderast etter Naturmangfaldslova § 8-12.

Vi minner elles om følgjande:

- Alle drifter skal førehandsgodkjennast av Fylkesmannen. Kommunen førebur saka, dvs. vurderer den planlagde hogsten ut frå omsyn nemnt i retningslinjene og sender vurderingane m.m. over til Fylkesmannen for vedtak.
- Granskogen må vere hogstmoden med minstealder 65 år for bonitet betre enn G23. Minstealder for dei andre bonitetane går fram av tabell.
- For lekterhogst i kombinasjon med bruk av spesialutstyr (eks. Highlander) skal miljømessige konsekvensar med tanke på kjøreskadar og erosjon vurderast særskilt og gå fram av dokumenta som sendast over til Fylkesmannen i samband med førehandsgodkjenninga.
- Foryngingstiltak skal vere avklart med skogeigar på førehand i samband med førehandsgodkjenninga. Det er vidare presisert at areal (frå AR5) med høg bonitet eller betre skal foryngast med planting.

- Tilskotet kan berre utbetalast direkte til skogeigar.
- Miljødokumentasjon og med utskjekk av eventuelle miljømessige konsekvensar skal gå tydeleg fram i alle taubanedrifter i samband med førehandsgodkjenninga.

Med helsing

Elisabeth Schmidt
rådgjevar

Stein Bomo
fylkesskogmeister

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Stein Bomo
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 72
E-post: fmrosbo@fylkesmannen.no

Kopi til:

Rogaland Skognæringsforum v/Gerd Inger Aarnes	Pedersgata 32 C	4013	STAVANGER
Vestskog SA	Skulegata 11A	5700	VOSS
Nordskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
AT Skog SA	Postboks 116 Sentrum	3701	SKIEN